

# Bokliste for mellomsteget

Utvalet representerer ulike tema og interesseområde, nokre er sjølvstendige og andre ein del av ein serie. Der det ikkje står noko anna, er bøkene godt eigna for dei over ti år. Du finn fleire omtalar på [www.nynorsk bok.no](http://www.nynorsk bok.no).

## Verdas rekordbok / Verdas mystiske stader

Av Jens Hansegård og Anders Nyberg  
Leseland fakta, Samlaget

Leseland er ein lettlesserie, men *Leseland fakta* og *Leseland for eldre barn og ungdom* passar godt også for mellomstegselevar.

I *Verdas rekordbok* kan ein lese om rekordar som til dømes den varmaste og kaldaste plassen på jorda, det største og det minste landet og om verdas mest uheldige mann.

Ei anna faktabok fortel om mystiske stader. Rundt om i verda finst det gåtefulle stader der det skjer uforklarlege ting. Kvifor laga folket på Påskeøya statuane? Og korleis hamna steinane i Stonehenge?




## Barcelona-gjengen (serie)

Av Atle Berge og Henning Lystad  
Leseland, Samlaget

*Matias Maradona* er fjerde bok i serien om Barcelona-gjengen. Endeleg skal Barcelona-gjengen få møte FK Maradona! På skulen har alle snakka om cupen heile veka. Men så skjer det utenkjelege: Matias rekk ikkje bussen. Han har blitt gløymd att av sitt eige fotballag! Matias er lei av å bli gløymd, lei av å sitje på benken og lei av å ikkje bli bytta inn. Så kva gjer han når han blir spurd om å spele spiss på FK Maradona?

Desse bøkene eignar seg særleg for 3.–5. trinn.




## Det forferdeleg geniale freseskyflyet

Av Rolf Losnegård  
Skald

I denne boka kan du lese om den sprø oppfinnaren Snutt som finn opp ei maskin som skal halde skyene vekke. Då kan nemleg ungdomane i byen Olsen vere på stranda og surfe og ete is kvar dag. Men denne oppfinninga gjer at det blir mykje sol både i Olsen og på Nordpolen. Korleis går det med isbjørnen Burr og foreldra hans då, skal tru?


Denne boka tek opp klimaproblematikken og gjer temaet tilgjengeleg for barn. Dette er ei bok ein godt kan lese høgt, men som også er fin å lese åleine frå 4. trinn.



## Ta 100 steg og få ein venn

Av Erna Osland  
Samlaget

Denne samlinga inneheld fjorten forteljingar om det å møte kvarandre. Nokre av forteljingane er korte og poetiske, andre er litt lengre. Kvar forteljing er nesten som å opne ei kikkelukke inn til ei ny verd. Forteljingane handlar om ulike situasjonar der nokon møtest, og om det å få ein venn. Kvart kapittel er ein frittstående tekst, men ein kan gjerne lese boka frå perm til perm også. Skrifta er mellomstor og lett å lese. Boka passar frå 4.–5. trinn og oppover.



## Jakta på firkløveren

Av Christian Wiik Gjerde  
Samlaget

På Gulløya, uti havgapet, er det ikkje flust av leikekameratar, men Jens og Alvar har kvarandre. Dei er bestevenner og er saman støtt. Det er sommarferie og skulefri, og Alvar og Jens badar, leitar etter firkløver og er i trehytta si. Og så ventar dei på den nye guten, Magnus, som skal flytte inn i Kråkeslottet.

Den nye guten kjem. Det blir sjalusi, krangel og forviklingar. Korleis kan dei ordne opp? *Jakta på firkløveren* er ei sommarvarm og spennande høgtlesingsbok frå tredje trinn og oppover.



## Tonje Glimmerdal

Av Maria Parr  
Samlaget

Tonje Glimmerdal er einaste ungen i Glimmerdalen, og den tøffaste jentungen dalen har sett sidan dei vaksne tantene hennar herja på ski mellom fjella. Tonje sin bestevenn er gamle Gunnvald, ein bisk felespelar på over sytti år.

Boka er spennande og morosam, ei herleg, tidlaus og klassisk høgtlesingsbok, men elevar på 4.–5. trinn les ho gjerne åleine.



## CHERUB (serie)

Av Robert Muchamore  
Samlaget

Det er den tidlegare privatetterforskareren Robert Muchamore som står bak serien om barneagentane i CHERUB. Den første boka i serien, *Rekrutten*, er å finne som roman og som grafisk roman (teikneserie).

Hovudpersonen James Adams er 12 år og kjem på barneheim etter at mora dør. James får raskt tvilsame venner, hamnar i slåstkampar og blir arrestert for tjuveri. Men då CHERUB oppdagar hans skjulte talent, byrjar eit nytt liv som spion. Boka passar godt for dei over ti år.



## Skammarens dotter (serie)

Av Lene Kaaberbøl  
Samlaget

*Skammarens dotter* er den første av fire bøker i Skammar-serien. Vi møter mellom andre Dina, som har arva ei spesiell evne av mor si. Ved å sjå folk inn i auga kan ho få andre til å skamme seg, og tilstå, alt det gale dei har gjort. Dermed er det få som torer å sjå henne i auga. Handlinga går føre seg i ei fantasiverd der kampen mellom det gode og det vonde er sentral. Saman med broren Davin og fyrstesonen Nico tek Dina opp kampen mot den vonde fyrst Drakan og drakehæren hans. Språket er enkelt, og historia er drivande. Serien passar godt for dei over ti år.



## Stian og Stine (serie)

Av Magnhild Bruheim  
Samlaget

Stian og Stine er stesøsken, 12 år og går i same klasse. Ein kveld skjer det noko mystisk og farleg i nabolaget: Ein gut vert påkøyrd av ein motorsyklist, og nokon luskar i hagen til Stian og Stine. Slik startar *Motorsykkelmysteriet*, den første boka i serien om dei to stesøskena. Dei finn etter kvart ut at dei likar å løyse mysterium, og hamnar i mange spennande og farlege situasjonar på jakt etter løysinga.



## Kameljegeren

Av Tore Kvæven  
Samlaget

Det er to parallelle historier i boka, om den unge prestinna Ahmis som levde for mange tusen år sidan, og om Lisa, Øystein og bestefaren som skal på kameljakt.

Bestefaren fortel at den store draumen for ein kameljeger er å finne kyrkjegarden til kamelane. Men ingen har enno funne han, og det vert sagt at det er ei forbanning over denne kyrkjegarden.



## Dei et ikkje sjokoladepålegg i krigen / Aldri fred å få

Av Ingunn Røyset  
Samlaget

*Dei et ikkje sjokoladepålegg i krigen* er ein roman der ei jente frå vår tid blir send på ei spennande tidsreise tilbake til eit Noreg i krig i januar 1945. I oppføljararen *Aldri fred å få* vert Dagny på ny send tilbake i tid, og no har ho også blitt storesøster.



Forfattaren Ingunn Røyset har skrive bøkene med utgangspunkt i sanne historier som ho har bunde saman til ein barneroman. Bøkene inneheld dramatiske historier, mellom anna om det å vere engelsk agent og om å gøyme radio og poteteter. Vi får også kvardagslege skildringar om Dagny og skulekvardagen hennar, om venninna Belinda som kom flyktande frå Finnmark, om matvanar og skikkar på førtitalet.

## Villheks (serie)

Av Lene Kaaberbøl  
Samlaget

Clara trur ho er ei heilt vanleg jente som lever eit vanleg liv. Men då ho blir klort i fjeset av ein svart kjempekatt, er ingenting lenger som det var. I all hast pakkar mor bilen og reiser til eit hus langt ut i skogen der tante Isa bur.

*Eldprøva* er den første boka i serien *Villheks*, der får vi høyre om Clara, hennar kjærleik for dyr og kampen hennar for å overleve som villheks i ei verd der magi ikkje er barnemat.



## Elise (serie)

Av Anne Viken  
Samlaget


Anne Viken er sjølv veterinær og brukar erfaringane sine som utgangspunkt for dei tre bøkene om Elise. Elise er forferdeleg glad i hestar, og finn fort ut at dei kvite hestane i Tordenbygda ikkje er som andre hestar. Ingen veit kvar dei kjem frå. Og livet som veterinær er mykje farlegare enn Elise hadde førestilt seg.



## Sirkus spetakkel

Av Kari Smeland  
Samlaget


I denne boka er helten ei modig sirkusjente med eit stort hjarte. Ni år gamle Ada lever livet på landevegen saman med dei to sirkusonklane sine i det vesle sirkuset Sirkus Spektakulær. Dei har det fint der dei køyrer ikring i den gule campingbilen sin og et smultringar til frukost, men ein dag dukkar den skumle sirkusdirektøren Rottekjeften opp og vil stikke kjeppar i hjula deira. Då byrjar ein spennande kamp for å få halde fram med sirkuslivet, og Ada må få hjelp av både nye venner og ein super-gris.



## Hanna og Emma (serie)

Av Bente Bratlund  
Mangschou

Den første boka i serien om Hanna og Emma heiter *Eg spør! Eg tør!* Alle bøkene er lettlesne to-i-ei-bøker, og dei smittar med sitt positive vesen og sin allmenne relasjonstematikk. Historiene er passeleg korte og skrifta høveleg stor til at ein får flyt i historia. Bøkene handlar om vennskap, forelsking, om nye familiemedlemmer, mysterium som må oppklarast og forhold som vert sette på prøve.




## Rosas buss

Av Fabrizio Silei og Maurizio A. C. Quarello  
Samlaget

Rosas buss er ei fantastisk og varm historie om mot til å kjempe for rettane sine, men òg ei historie om rasisme og svik. Vi møter Ben og bestefar, som er på veg til Henry Ford-museet. På vegen fortel bestefar historia om den farga kvinna Rosa, som i 1955 nekta å reise seg for dei kvite på bussen.

Bestefar var sjølv på bussen og opplevde hendinga.

Boka er rikt illustrert, og eignar seg svært godt til å lese åleine og saman i klasserommet. Frå ti år.



## Drakeguten (serie)

Av Asbjørn Rydland  
Samlaget

Bøkene om Drakeguten er fantasybøker med svært høg litterær kvalitet.

Språket er lettlesne og litterært interessant på same tid. Personane er samansette og i utvikling, og fiksjonsuniverset er særskildt rikt, der kombinasjonen av små detaljar og store mytologiar skaper ei levande og fascinerande verd. Handlinga i bøkene er stramt bygd opp, og særskildt spennande.

